



Møre og Romsdal fylke



Sunndal vidaregåande skole

Mål- og tiltaksplan

2008 - 2012

Utviklingsområde:

Elevdeltaking

Elevvurdering

Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling

Heilskap og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa

Val og bruk av læremiddel



Utviklingsområde 1) Elevdeltaking

Mål:

Skolen skal sikre elevane deltaking i:

- eige læringsarbeid
- planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa

Tiltak

- Konkretisere og utvikle felles forståing for kva elevdeltaking i eiga og gruppa si læring og i planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa inneber for skolen sin pedagogiske praksis. Arbeidet skal skje innafør ramma av det som er sagt om elevane sine rettar og plikter i reglement og forskrifter, medrekna læreplanverket
- Delta i utprøving av elevdeltaking i vurdering av lærarar sin undervisningspraksis

Utviklingsområde 2) Elevvurdering

Mål:

Skolen skal:

- legge særleg vekt på elevvurdering som grunnlag for utvikling og meistring
- ha eit system for kontinuerleg undervegsvurdering med utgangspunkt i ei felles forståing for kompetansemåla i læreplanane for fag og kva meistringsnivå som er knytt til dei ulike karakterane

Tiltak

- Vidareutvikle opplegg for eigenvurdering. Opplegget skal gjennomførast i samband med elevsamtalen etter første termin.

Utviklingsområde 3) Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling

Mål:

Skolen skal:

- organisere opplæringsverksemda og gjennomføre kompetanseutviklingsarbeidet på ein slik måte at det pedagogiske personalet sine arbeidsvilkår og arbeidsmiljø blir fremja/teke i vare på ein god måte
- syte for at det pedagogiske personalet i det daglege arbeidet får lære av kvarandre gjennom samarbeid om planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa og for utvikling av eigen og kollektiv pedagogisk praksis
- legge til rette for deltaking i arbeid i faglege nettverk på fylkesnivå

- legge til rette for fagleg kompetanseutvikling

Tiltak

- Utarbeide individuelle kompetanseplanar innan 1. april 2009. Ønske om fagleg kompetanseutvikling skal ta utgangspunkt i læreplanar for fag
- Sikre at nettverksarbeidet på seksjonsnivå skjer gjennom for- og etterarbeid knytt til nettverkssamlingane
- Planlegge kompetanseheving i IKT gjennom arbeidet med IKT-abc

Utviklingsområde 4) Heilskap og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa

Mål:

Skolen skal:

- ha eit system for samarbeid med ungdomsskolen gjennom Utdanningsval
- nytte karriererettleiing som eit viktig element i arbeidet med å støtte elevane i si «ferd» gjennom grunnopplæringa og over i vidare utdanning og yrke

Tiltak

- Utvikle og gjennomføre seksjonsvise hospiteringsopplegg for ungdomsskolelevar som ledd i arbeidet med faget Utdanningsval i grunnskolen

Utviklingsområde 5) Val og bruk av læremiddel

Mål:

Skolen skal:

kunne grunngje sine val og bruk av læremiddel ut frå læreplanane for fag og omsynet til kravet om tilpassa opplæring

Tiltak

- Utvikle ein plan for bruk av IKT gjennom IKT-abc
- Vidareutvikle bruken av digitale klasserom i Fronter
- Oppfølging av IKT-reglementet